



Saksbehandlar: Åge Avedal, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/4254-2

Fylkesråd for eldre - Skriv og meldingar 17. september 2019

Framlegg til vedtak:

1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande.
2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvar einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak i møteboka.

Vedlegg:

1. Invitasjon frå Pensjonistforbundet: Foredrag om Leve hele livet og velferdsteknologi
2. KS: Invitasjon til nettverk for aldersvenlege lokalsamfunn 2019/2020
3. Eldrerådet i Oslo kommune: Få kjøkkenet tilbake til sykehjemmet
4. Fylkesråd for eldre Sogn og Fjordane: Høyring regional handelsføresegn (utan vedlegg, høyringsinnspelet ligg i saksframlegget)
5. Fylkessekretariatet i Hordaland: Nominasjon av representantar til fylkeseldrerådet i Vestland
6. Helse- og omsorgsdepartementet: Høyring – utviding av rettighetsbestemmelsen om BPA for bestemte personer over 67 år
7. Aldring og helse mfl.: Kongress i aldersforsking 24.-25. oktober
8. Norges institusjon for menneskerettigheter: Rapport og seminar om eldres menneskerettigheter
9. Helse- og omsorgsdepartementet: Høyring om lov om eldreombodet.

Meldesak 1) Invitasjon frå Pensjonistforbundet: Foredrag om Leve hele livet og velferdsteknologi

Pensjonistforbundet tilbyr foredrag og kurs om reforma Leve hele livet og velferdsteknologi i kommunar som ønskjer det.

Meldesak 2) KS: Invitasjon til nettverk for aldersvenlege lokalsamfunn 2019/2020

KS lyser ut deltaking i kommunenettverk aldersvenlege lokalsamfunn med oppstart august 2019. Sogn og Fjordane fylkeskommune har søkt og er tatt opp i nettverket. Harald Ekroll, leiar i fylkesråd for eldre, Ragnhild Berge Feidje, planstabben og Åge Avedal, kulturseksjonen deltok på første samlinga i nettverket 26. august. Det blir orientert munnleg under møtet.

Meldesak 3) Eldrerådet i Oslo kommune: Få kjøkkenet tilbake til sykehjemmet

Eldrerådet i Oslo kommune har sendt fråsegn til gruppeleiarane i bystyret i Oslo om å få kjøkenet tilbake på sjukeheimane for auka trivsel, matlyst og reduksjon av liggetid og underernæring.

Meldesak 4) Fylkesråd for eldre Sogn og Fjordane: Høyring regional handelsføresegn

Fylkesråd for eldre sendte inn høyringsinnspelet til regional handelsføresegn 26. juni 2019. Her er innspelet som vart sendt til planstabben:

Fylkesråd for eldre i Sogn og Fjordane har handsama utkast til regional handelsføresegn, og vil med dette komme med høyringsinnspelet.

Rådet synest handelsføresegna er dekkande og god. Den tek opp i seg innspelet rådet har kome med tidlegare i andre plansaker. Fylkesråd for eldre vil spesielt peike på at om ein skal få til eit grønt skifte og få fleire til å gå, nytte sykkel og offentlege transportmidlar, må ein fokusere sterkt på det som er nemnt i folkehelsemeldinga m.v.

Rådet meiner ein må intensivere bygging av gang- og sykkelvegar. Ved handelssentra må ein byggje sykkelparkering under tak. På denne måten legg ein godt til rette og stimulerer til meir bruk av sykkel.

For utfyllande kommentarar kan leiar Harald Ekroll kontaktast.

Meldesak 5) Fylkessekretariatet i Hordaland: Nominasjon av representantar til fylkeseldrerådet i Vestland.

Pensjonistforeiningar, kommunale eldreråd og organisasjonar som representerer eldre i Hordaland og Sogn og Fjordane er invitert til å nominere kandidatar til fylkeseldrerådet i Vestland fylkeskommune for perioden 2019-2023.

Meldesak 6) Helse- og omsorgsdepartementet: Høyring – utviding av rettighetsbestemelsen om BPA for bestemte personer over 67 år

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring forslag om utviding av rett til brukarstyrt personleg assistanse (BPA) for bestemte personar over 67 år, med frist 25. oktober 2019. Fylkesrådet må ta stilling til om ein skal sende høyringsuttale.

Meldesak 7) Aldring og helse mfl.: Kongress i aldersforskning 24.-25. oktober

Aldring og helse, nasjonal kompetansetjeneste, inviterer saman med Folkehelseinstituttet, Helsedirektoratet, OsloMet og Norsk selskap for aldersforskning til kongress i aldersforskning 24.-25. oktober 2019 på Fornebu.

Meldesak 8) Norges institusjon for menneskerettigheter: Rapport og seminar om eldres menneskerettigheter

Norges institusjon for menneskerettigheter har laga ein rapport om eldre sine menneskerettar i Norge, og inviterer til seminar om rapporten 29. august 2019. Rapporten handlar om sju tema:

- Vergemål og rettsleg handleevne
- Vold og seksuelle overgrep mot eldre
- Tvungen helsehjelp
- Aldersdiskriminering utanfor arbeidslivet
- Universell utforming – informasjons- kommunikasjons- og tenestetilgang
- Helsehjelp, underernæring og ueheldig legemiddelbruk
- Eldre LHBTI-personar sitt møte med helse- og omsorgstenesta

Meldesak 9) Helse- og omsorgsdepartementet: Høyring om lov om eldreombodet

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt ut høyringsnotat med forslag til lov om Eldreombodet som skal skape ramma for Eldreombodet sitt arbeidsområde og verksemd. Fristen for å komme med høyringsuttale er 6. desember 2019.

Meldesak 10) Koordineringsgruppa for Leve heile livet

Harald Ekroll og Aud Karin Netland orienterer munnleg frå koordineringsgruppa for Leve heile livet.

Meldesak 11) Budsjett fylkesråd for eldre i Vestland fylkeskommune

Det er varsla at det er på gang budsjettarbeid i Vestland fylkeskommune, der fylkesråd for eldre skal få komme med innspel. Det er ikkje sendt ut invitasjon til innspel eller saksutgreiingar endå. Fylkesrådet bør diskutere korleis ein vil handsame saka vidare.